

Enorm satsing på jordbruksbygda

23.02.2015



Runar Myklebust ventar på ei avgjerd om vidare satsing

**- Den satsing som finn stad på jordbruksbygda i Uskedalen er heilt enorm, seier ein imponert jordbruksjef i Kvinnherad, Tore Eik til uskedalen.no.**

Det siste som har skjedd er at Runar Myklebust har søkt om å få satsa på lausdrift i utvida driftsbygning, noko som vil auka talet på årskyr frå 30 til 50. Eik presiserer at saka førebels er underveis og ikkje endeleg avklara. Kommunen har, som vanleg, sendt ho over til fylkeskommunen som eit ledd i handsaminga.

Lista over prosjekt i jordbruksbygda som er realisert i Uskedalen i dei seinare åra er imponerande og jordbruksjefen tek fram uttrykket 'veldig kjekt' når han skal beskriva det som har skjedd ytterlegare.

- Kor mange millionar er investert i jordbruksbygda her i bygda dei siste åra?  
 - Eg tør ikkje komma med noko anslag på sparket, men det er atskillige millionar.  
 Vi driv no med utarbeidning av ein årsrapport, men det vil ikke skje nokon spesifisering av dei einskilde bygdene, seier Eik.

Ein av dei største investeringane er saudefjøset til Olav Hjetland Bringdal som kosta 3 millionar og som har auka kapasiteten til den driftige sauebonden til 240 dyr. Jordbruksjefen har rost huset i høge tonar.

Også Andreas Kristoffersen har satsa sterkt og har som målsetting å auka sauetalet frå 100 til 140, kombinert med auka forgrunnlag.

Tore Musland og Tor Jarle Kjærland står også i høgste grad på investeringslista og fleire vil truleg slutta seg til. Friheim Gardsmat har til dømes nye og utvida planar knytte til erverv av nabogarden.

Konklusjonen må bli at investeringslysta i Uskedalen-jordbruksbygda slett ikkje har gått tilbake, snarare omvendt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen